# Kulturkalenderen – Juni 2011

surnadal kulturhus

**Salg av billettar i resepsjonen på kulturhuset.**
**Alle dagar – 24.t. – tlf. 71 65 71 00**
**Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08**
**Billettsalg på nett: www.surnadal-kulturhus.no**
**E-post: post@surnadal-kulturhus.no**



TORDENSKJOLD SONGLAG



ODD NORDSTOGA



HENNING SOMMERO



GJERMUND LARSEN

VÅRSØG HOTELL
SURNADAL
www.varsog-hotell.no



# På Kino

## Aktuelle filmar i juni




### AMORS BALLER

*Barnefilm 1 t. 19 min. Alle*

Sprek norsk ungdomskomedie der handlinga er lagd til Norway Cup, spekka med humor, romantiske sommarnetter og drivande konfliktar både av og på bana. Svenske Lucas flytter frå Stockholm til ein liten norsk by og forelskar seg straks i Susanne, keeper på det lokale jentelaget. Han blir kjend med den overvektige og sexfikserte sonen til trenaren, og med han som sparringspartnar, legg Lucas ein plan for å vinne hjarta til Susanne. Han blir med på det lokale gutelaget til Norway Cup, for å bli kjend med henne. Men Susanne har kjærast frå før, og Lucas skal snart forstå at vegen til kjærleiken kan vera brulagd med løgner og uvennskap.




### HANGOVER 2

*Komedie 1 t. 42 min. 15 år*

Kameratgjengen er endeleg tilbake. Etter det drøye utdrikkingslaget i Las Vegas er Stu lite svolten på å ta nye sjansar. Han satsar på eit ryddig opplegg, plana er ein neddempa lunch med kompisane i forkant av viinga. Men kven sa at ting går som planlagt? Det som skjedde i Vegas blir i Vegas, medan det som skjer i Bangkok - det er bortanfor hinsides, langt unna det nokon av karane kunne førestille seg.




### ALFA OG OMEGA 3D (NO.TALE)

*Barnefilm 1 t. 28 min. 7 år*

Bli med dei to ulvane Alfa og Omega på ei spanande reise, i ein morosam animasjonsfilm i 3D med norsk tale for hele familien. Kva består den perfekte langturen av? Jo da, litt haiking, nokre vegkroer, sinte bjørnar, stikkande pinnsvin og ei golfspelande gås med ein caddy av ei and. Det er berre å spørje Kate og Humphrey, to ulver på veg heimover etter å ha vorte bortført av skogvoktarar til ein heilt annan kant av landet. Dei er to forskjellige ulvesjeler, men no må dei stå saman. Framanfor dei ligg ein lang og farefull tur - som krevjar noko heilt nytt av dei begge.




### KUNG FU PANDA 2 3D (NO.TALE)

*Animasjon/Eventyr*

Frå studioet som ga deg Shrek, Madagascar og Kung Fu Panda, kjem no det neste kapittelet i den pandastiske sagaen om Po og De Fantastiske Fem. Etter strabasane den godlynte pandabjørnen Po vart utsett for sist gong vi møtte han, lever han no ut draumen sin som Dragemesteren. Hovudoppgåva er å beskytte Fredsdalen saman med kung fu-meistrane og venene sine, De Fantastiske Fem - Tigress, Crane, Mantis, Viper og Monkey. Men det fabelaktige livet til Po blir truga av ein ny, formidabel fiende som vil bruke eit hemmeleg, ustoppeleg våpen for å erobre Kina og ta knekken på kung fu.




### X-MEN: FIRST CLASS

*Action/Sci-fi*

Filmen utspeler seg i byrjinga av X-Men sagaen og viser skjulte sider ved fleire historiske, globale hendingar. Før mutantane har gjeve seg til kjenne og før Charles Xavier og Erik Lehnsherr tok namna Professor X og Magneto, var dei to unge menn som oppdaga kreftene sine for første gong. Før dei vart erkefiendar var dei nære vener som jobba saman med andre mutantar (nokre kjende, nokre nye) for å stogge ein full atomkrig. I prosessen oppstod det ein alvorleg konflikt dei imellom som vart rota til den evigvarande krigen mellom Magneto sine tilhengjarar og Professor X sine X-Menn.




### JANE EYRE

*Drama*

Basert på Charlotte Brontë si tidlause og klassiske historie. Etter å ha mista foreldra sine, må Jane Eyre bu hos fjerne og kjenslekalde slektningar. Etter ei stund blir ho kasta ut og hamnar i ein heim for foreldrelause barn. Åra går, og når Jane er vaksen nok til å forlate barneheimen, søkjer ho jobben som guvernante hos den gåtefulle Mr. Rochester på eigedom hans Thornfield Hall. Det går ikkje lang tid før han har vunne hjarte hennar, og kjærleiken mellom dei blir gjensidig. Men alt er ikkje som det ser ut til ved Thornfield Hall, og Jane får vite at Mr. Rochester gøymer på ein mørk hemmelegheit.

Kultur rabatt



# Aktivitetar

***1.6. SOMMARKONSERT MED KULTURSKOLEN.***
Dette blir kulturskolen sin siste konsert før sommarferien. Denne gongen vil dei vise alt som dei har dreve med gjennom siste skuleåret.
Det blir eit svært variert program med sang, dans, band, piano og drama.

***3.6.-5.6. SONGARSTEVNE MED TORDENSKJOLD SONGLAG.***
Tordenskjold arrangerer et godt gamaldags songarstevne denne helga. Dette er eit stort løft for eit lite kor!
Vi tek med den delen av programmet som er av interesse for publikum.

Laurdag.
Kl. 13.00. Songartog. Oppstart ved kulturhuset.
Kl. 14.00. Åpning av stevnet v/ordfører Mons Otnes.
Kl. 17.00. Kyrkjekonsertar i Ranes og Øye kyrkjer.

Søndag.
Kl. 16.00. Profankonsert i Storstuå, Surnadal kulturhus.

***9.6.-12.6. VÅRSØGHELGA.***
Vi har her teke med den delen av programmet som foregår på kulturhuset.

Torsdag.
**Opning Vårsøgutstillinga og Vårsøghelga**
Galleri Finstuå. Hans Normann Dahl er Vårsøgkunstnaren i år.
Koret Bøgdaungdommen og Kristiansund Operakor syng Vårsøghelga inn.

**Rot i råmå** – fotoutstilling
Vengespennet, Vårsøg hotell. Surnadal fotoklubb med rotbilete.

**Rotblætkaklag**
Foajéen, kulturhuset. Vårsøglauget spanderer blautkake.

**Opningskonsert**
Storstuå, kulturhuset. Batteri sesongdebuterer i ein konsert som óg skal få liv i Henning Sommerro sine rockerøter.

Fredag.
**Eldre hjelper eldre Vårsøghelga spesial!**
Svorkasalen, kulturhuset. John Pål Inderberg, Herreselskapet og Øystein Sandbukt skapar Vårsøgstemning for dei eldre i år.
Kanskje blir det overraskingar óg.

**Knutsen og Ludvigsen-konsert.**
Storstuå, kulturhuset. Mellomtrinnet på alle skulane i Surnadal kommune er inviterte til denne framsyninga, som dramaelevar frå Kulturskolen på indre Nordmøre saman med elevar frå Rindal skole står for.

Laurdag.
**Ordgyteri.**
Svorkasalen, kulturhuset. Forfattaren, kåsøren, skulemannen og dialektgranskaren Bjarne Østbø etterlet seg ein mangfaldig skatt. Ordkunstnaren Jan Erik Vold ser nærare på diktaren Bjarne Østbø. Henning Sommerro og Turid Røen Kroknes framfører Østbø-songane komponert av Henning til hennar debut i Universitetets aula i Oslo. Ole Magne Ansnes framfører óg eigne Østbø-komposisjonar. Styrkår Brørs fortel med utgangspunkt i Bjarne Østbø sitt segnomsuste radiokåseri om Surnadal og surndalingen. Sverre Hatle viser fram Østbø si "ordkiste", som inspirerte til fjorårets bok "Ord te gagns".

Søndag.
**In Folk Style.**
Storstuå, kulturhuset. Vi avsluttar storslagent med TrondheimSolistene, brørne Gjermund og Einar Olav Larsen på fele og Jon Faukstad på trekkspel.
Vi får mellom anna høyre musikk av Henning Sommerro, Gjermund Larsen og Edvard Grieg.

***16.5. MINIREVY MED KULTURSKOLEN.***
Ungdomsgruppa i drama viser ein sjølvskreve minirevy i Storstuå. Gratis inngang.

BIBLIOTEKET

Nye opningstider på biblioteket:
1. juni – 1. september:
Måndag – Fredag 11.00 - 15.00
Laurdag stengt.
Heimeside: http://www.surnadal-folkebibliotek.no
Tlf. 71659301 • Fax. 71659302
E-post: biblioteket@surnadal.kommune.no

Todalen filial: Stengt i skuleferien

VÅRSØG
HOTELL
SURNADAL

**Skal du ha besøk av venner og familie no i vår?**

**Vi har kjempegodt weekend-tilbod på overnatting fram til sommaren!**
**Bu frå fredag til søndag og få 20 % på begge netter.**
**Ordinær weekend-pris for dobbeltrom er kr. 1145,- pr. døgn inkl. frokostbuf-fet.**

**Du kan bestemme om du vil bu på vår, sommar, haust eller vinterrom.**
**Har vi ledig rom kan du og få bestemme motivet på bilete bak senga!**
**Ring 71657100 for booking!**




# SIKKERHET OG SKADEFOREBYGGING

Vi ønsker at din hverdag skal bli tryggere. For å hjelpe deg, gir vi tilskudd for å komme i gang med skadeforebygging.

| | |
|---|---|
| El.sjekk bolig privat/landbruk | kr 1.500 |
| Overspenningsvern i sikringsskap | kr 1.500 |
| Vannstoppventil | kr 1.500 |
| Brannslukningsapparat | kr 200 |
| El.sjekk næringsliv, 50 % av kostnadene, maks | kr 7.500 |

I tillegg oppnår du rabatter på bygningsforsikringene dine. Ta kontakt med oss så skal vi hjelpe deg videre.

GJENSIDIGE
Surnadal

Besøk oss i AMFI Surnadal
Tlf 03100
surnadal@gjensidige.no
www.surnadal-gjensidige.no

| Veke | Dag | Dato | Kl | Forestilling | Sal | Alder | Tid | Dette skal eg på (Set X) |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Veke 22 | Ons | 1 | 17.30 | Pirates of the Caribbean: On Stranger Tides 3D | Kammerset | 11 | 2.11 | |
| | **Ons** | **1** | **18.00** | **Sommerkonsert KIN** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Ons | 1 | 20.30 | Vann til elefantene | Kammerset | 11 | 1.49 | |
| | Fre | 3 | 18.00 | Amors baller | Kammerset | Alle | 1.19 | |
| | Fre | 3 | 20.30 | Hangover 2 | Kammerset | 15 | 1.41 | |
| | Søn | 5 | 18.00 | Amors baller | Kammerset | Alle | 1.19 | |
| | Søn | 5 | 20.30 | Hangover 2 | Kammerset | 15 | 1.41 | |
| Veke 23 | Ons | 8 | 18.00 | Amors baller | Kammerset | Alle | 1.19 | |
| | Ons | 8 | 20.30 | Hangover 2 | Kammerset | 15 | 1.41 | |
| | **Tors** | **9** | **18.00** | **Opning Vårsøgutstillinga og Vårsøghelga** | **Finstuå** | **Alle** | | |
| | **Tors** | **9** | **18.00** | **Rot i råmå – fotoutstilling Vårsøghelga** | **Vengespennet** | **Alle** | | |
| | **Tors** | **9** | **19.00** | **Rotblætkaklag – Vårsøghelga** | **Foajéen** | **Alle** | | |
| | **Tors** | **9** | **18.30** | **Opningskonsert – Vårsøghelga** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | **Fre** | **9** | **11.30** | **Eldre hjelper eldre Vårsøghelga spesial!** | **Svorkasalen** | **Alle** | | |
| | Fre | 10 | 18.00 | Alfa og Omega 3D (no. tale) | Kammerset | 7 | 1.28 | |
| | Fre | 10 | 20.30 | Hangover 2 | Kammerset | 15 | 1.41 | |
| | **Laur** | **11** | **11.00** | **Ordgyteri** | **Svorkasalen** | **Alle** | | |
| | Søn | 12 | 18.00 | Alfa og Omega 3D (no. tale) | Kammerset | 7 | 1.28 | |
| | **Søn** | **12** | **20.00** | **In Folk Style – Vårsøghelga** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Søn | 12 | 20.30 | Hangover 2 | Kammerset | 15 | 1.41 | |
| Veke 24 | Ons | 15 | 18.00 | Alfa og Omega 3D (no. tale) | Kammerset | 7 | 1.28 | |
| | Ons | 15 | 20.30 | Hangover 2 | Kammerset | 15 | 1.41 | |
| | **Tors** | **16** | **12.00** | **Minirevy KIN** | **Storstuå** | **Alle** | | |
| | Fre | 17 | 18.00 | Kung Fu Panda 2 3D (no. tale) | Kammerset | ? | 1.30 | |
| | Fre | 17 | 20.30 | X-Men: First Class | Kammerset | 15 | ? | |
| | Søn | 19 | 18.00 | Kung Fu Panda 2 3D(no. tale) | Kammerset | ? | 1.30 | |
| | Søn | 19 | 20.30 | X-Men: First Class | Kammerset | 15 | ? | |
| Veke 25 | Ons | 22 | 18.00 | Kung Fu Panda 2 3D (no. tale) | Kammerset | ? | 1.30 | |
| | Ons | 22 | 20.30 | X-Men: First Class | Kammerset | 15 | ? | |
| | Fre | 24 | 18.00 | Kung Fu Panda 2 3D(no. tale) | Kammerset | ? | 1.30 | |
| | Fre | 24 | 20.30 | (blir annonsert seinare) | Kammerset | | | |
| | Søn | 26 | 18.00 | Kung Fu Panda 2 3D(no. tale) | Kammerset | ? | 1.30 | |
| | Søn | 26 | 20.30 | (blir annonsert seinare) | Kammerset | | | |
| V26 | Ons | 29 | 18.00 | Kung Fu Panda 2 3D(no. tale) | Kammerset | ? | 1.30 | |
| | Ons | 29 | 20.30 | (blir annonsert seinare) | Kammerset | | | |

## Faste arrangementer

**Seniordansen; kvar tirsdag , 11.00 – 13.00**
**Tordenskjold Songlag; kvar onsdag, 19.00 – 23.00**
**Eldre hjelper eldre; kvar fredag, 11.00 – 13.00**

## Mykje å gle seg til

**9.6. – 12.6.** Vårsøghelga
**23.6. – 26.6.** Norsk laksefestival
**26.8.** Bare Egil Band
**2.9. – 4.9.** Plekterfesten

**Vi ynskjer alle ein riktig god sommar, og vi er tilbake med ein ny kulturkalender i september.**



# Ut ein tur?



### Horisonten Restaurant
Har ein ny og smakfull meny, og er verdt eit besøk.
Vi anbefaler vår fantastiske Vår-kylling, men spanande tilbehør!

| | |
|---|---|
| Mandag – Torsdag | 18.00 – 22.00 |
| Lørdag | 18.00 – 22.00 |
| Søndag | 15.00 – 20.00 |

### Musters Pub:
Vi på Musters ønskar sommaren velkomen!
Nydeleg drikke og småretter kan nytast på "Kastanjen", vår nye uteservering – Surnadals "solside".
Kom og få sommarfølelsen du og!

| | |
|---|---|
| Mandag: | Stengt |
| Tirsdag – Torsdag: | 19.00 – 24.00 |
| Fredag: | 19.00 – 02.00 – 18 års aldersgrense |
| Lørdag: | 13.00 -02.00 |
| Søndag: | 17.00 – 22.00 |

### Råkk
Nordmøres kuleste diskotek!
DJ og god stemning kvar laurdag!
Frå kl 22.00 – 02.00
18-års aldersgrense.

### Annan aktivitet

| | |
|---|---|
| 04.06 | Norfolk spelar i Den Glade Laks |
| 10.06 | Pubkveld i Den Glade Laks i regi av Vårsøghelga |
| 23.-26.06 | Norsk Laksefestival – Vi setter opp telt, og lover god stemning! |







Orkla Grafiske as / ☎ 72 48 23 20 / www.orklagrafiske.no